

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Postboks 37

6861 LEIKANGER

Dykkar ref
2004/2546

Vår ref
04/1524-2 EVV

Dato
04.05.04

Rekneskapsmessig handtering av verdier frå kraftselskap

Vi viser til brev av 14. april 2004 med spurnad om departementet sitt syn på ulike problemstillingar rundt rekneskapsføring av verdier frå kraftselskap.

Omdisponering frå kapitalfond til driftsfond

(merk: denne problemstillingen er ikke lenger aktuell etter at det 22. september 2004 ble fastsatt regnskapsregler for føring av salgsinntekter fra finansielle anleggsmidler, jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 3)

To kommunar har selt aksjar i eit kraftselskap. Den eine selde i 2000, mens det ikkje er opplyst om når salet hos den andre kommunen fann stad. Midlane vart først anvendt i investeringsrekneskapen eller avsette til ubundne investeringsfond. Sidan har delar av salssummen vorte omdisponert til "oppspart avkastning", tillagt disposisjonsfond og nytta til å dekke inn akkumulerte underskot.

Regelverket rundt sal av finansielle anleggsmidler vart endra 7. juli 2000 med iverksetjing frå 1. januar 2001. Medan inntekter frå sal av aksjar tidlegare utelukkande skulle først i investeringsrekneskapen, opna lova no for at delar av salssummen kunne definerast som oppspart avkastning og takast til inntekt i driftsrekneskapen. Øvre grense for kva som kan gå inn under omgrepet "oppspart avkastning" er nærare omtala i F nummer 4 frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS). Standarden har status som høyringsutkast ut rekneskapsåret 2004, men departementet vil tilrå at han alt no vert fylgd. Standarden seier at slik inntekt som hovudregel er å rekne som ei kapitalinntekt. Under føresetnad av at den seljande kommune har bestemme innverknad, opnast det likevel for at delar av salssummen kan verte førd i driftsrekneskapen. Øvre grense for oppspart avkastning vert i så fall definert ut i frå kva selskapet alternativt kunne ha betalt ut i utbytte etter aksjelova §§ 8-1 og 8-2, og berekningane må kunne dokumenterast.

Kommunen som føretok salet før lovendringa vil altså ikkje ha moglegheit til å definere delar av salssummen som ei driftsinntekt og må reversere tidlegare omdisponering frå kapitalfond til disposisjonsfond. Den andre kommunen vil, under føresetnad av at salet fann stad etter at dei nye reglane hadde trått i kraft, kunne korrigere tidlegare bokføring og i tråd med standarden inntektsføre delar av salssummen i driftsrekneskapen dersom kommunen har bestemmande innverknad i selskapet.

Føring av uttak frå fri eigenkapital utbetalt som utbytte

Ein kommune har før fusjoneringa av fem kraftselskap til eitt nytt kraftkonsern motteke eit stort utbytte frå selskapet sin frie eigenkapital og tatt dette til inntekt i driftsrekneskapen.

KRS nummer 4 (HU) frå GKRS slår fast at det vil vere det reelle innhaldet i ei inntekt eller innbetaling som vil avgjere den rekneskapsmessige handsaminga. I den grad utbyttet representerer ei tilbakebetaling av kapital, til dømes ved at soliditeten eller kapitaliseringa av selskapet reduserast, skal inntekta først i investeringsrekneskapen.

I dette tilfellet stammar utbyttet frå den frie eigenkapitalen, definert i aksjelova § 8-1. Utbyttet vil derfor i realiteten innebere tilbakebetaling av tidlegare overskot og oppspart avkastning og vil altså ikkje gå ut over dei avgrensingar standarden set med omsyn til når eit utbytte skal først i driftsrekneskapen. Om selskapet si evne til å tåle tap har vorte redusert som ein konsekvens av den relativt store utbytteutbetalinga, vil ikkje ha innverking på rekneskapsføringa så lenge utbyttet skjer ved uttak av den frie eigenkapitalen.

Departementet er derfor einig i kommunen si rekneskapsmessige handtering av utbyttet.

Verdivurdering av aksjar i balanserekneskapen

Ein kommune eig aksjar i eit kraftselskap. Aksjane er klassifiserte som finansielle anleggsmidlar i balanserekneskapen. Kommunen verdsette aksjane til likningsverdi og førde differansen til inntekt i driftsrekneskapen i 2002, og vil no omklassifisere aksjane til omløpsmidlar.

Etter føresegn om årsrekneskap og årsberetning § 8 skal anleggsmidlar vurderast til inntakskost og nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere av forbigåande karakter. Kommunelova opnar ikkje for oppskriving av anleggsmidlar, berre reversering av nedskrivingar.

For kommunen inneber dette at han i rekneskapen for 2003 eller seinast 2004 må korrigere for feil bokføring i 2002. Verdien av eit anleggsmiddel kan aldri overstige inntakskost. Likningsverdi er eit skattemessig, ikkje eit rekneskapsmessig, omgrep.

Rekneskapsføresegna § 8 definerer òg grovt skiljet mellom anleggs- og omløpsmidlar. Den nærare klassifiseringa, mellom anna avgrensinga mellom finansielle anleggsmidlar og finansielle omløpsmidlar, vert utdjupa i KRS nummer 1 (F) frå GKRS. Etter standarden skal klassifiseringa i balanserekneskapen skje på bakgrunn av føremålet og intensjonen med eigarskapet til kommunen. Under finansielle anleggsmidlar inngår aksjar som ikkje utgjør del

av ei marknadsbasert handelsportefølje, samstundes som dei har ei løpetid på meir enn eitt år eller ikkje vil verte realiserte i løpet av eitt år etter at kommunen fekk dei i hende. Aksjar som ikkje inngår i ei marknadsbasert portefølje, men som vil verte realiserte innan eitt år rekna frå kjøpstidspunktet, vil vere ordinære omløpsmidlar, som skal vurderast til lågaste verdi av inntakskost og verkeleg verdi. Klassifisering av aksjar som finansielle omløpsmidlar inneber at desse inngår i ei handelsportefølje med sikte på vidaresal, vert omsette på børss eller i ein regulert marknad og har god likviditet, det vil seie at dei vert omsette regelmessig, og god eigarspreiing. Omklassifisering skal berre gjennomførast unntaksvis.

Ein førebels standard er å oppfatte som bindande med mindre kommunen på eit *rekneskapsfagleg* grunnlag kan forsvare eit eventuelt avvik eller avviket ikkje kan reknast som vesentleg. Motiva for eigarskapet ser i dette tilfellet ut til å vere i tråd med kva som vil gjelde for finansielle anleggsmidlar, og karakteristika ved aksjane verkar heller ikkje å samsvare med definisjonen for finansielle omløpsmidlar.

Departementet kan derfor ikkje sjå at det skulle vere grunnlag for å omklassifisere aksjane til finansielle omløpsmidlar.

Med helsing

Trond Ø. Christensen e.f.
underdirektør

Even Vaboen
førstekonsulent